

Fra: Kjetil Kvåle [kjetil@kpsf.no]

Til: Sogndal kommune []; Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]; firmapost@siva.no [firmapost@siva.no]; Knut-Henning Hjelbakk [knut-henning@stryn-nh.no]

Kopi: Aud Ingrid espeland [aud.ingrid.espeland@fjordinvest.no]

Sendt: 13.01.2017 11:44:03

Emne: Aksjesal - KPSF

Vedlegg: image001.png; image004.png; Melding til aksjonærar om forkjøpsrett.pdf

Gode Aksjonærar - Godt Nyttår !

Kunnskapsparken har sidan driftsstarten i 2004 hatt ein konsentert eigarskap, med fem eigarar: Fjord Invest Såkorn AS (38%), Sogn og Fjordane Fylkeskommune (38%), SIVA – selskapet for industrivekst SF (15%), Sogndal Kommune (8%) og Stryn Næringshage AS (1%).

Fleire av forsknings- og kunnskapsparkane har ein eigarskap med brei deltaking frå lokalt næringsliv, industri og offentlege verksemder. Ein brei eigarskap vert sett på som viktig med tanke på god forankring og kontakt med næringslivet lokalt og regionalt, og Kunnskapsparken har som målsetning å utvide eigarskapen i tida som kjem.

Utviding av eigarskapen kan enten skje gjennom emisjon retta mot nye aksjonærar eller gjennom sal av aksjar frå eksisterande aksjonærar. Av dagens aksjonærar har Fjord Invest Såkorn

(som er eigd av fleire store bedrifter i Sogn og Fjordane) fremja ønskje om å selge heile eller delar av sin aksjepost i KPSF. Eit slikt nedsal er naturleg ut frå fondet sitt investeringsmandat,

som er å investere i små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane for deretter å realisere investeringar etter ei tid.

Fjord Invest Såkorn AS vil i første kvartal 2017 tilby inntil 2.500 aksjar for salg; med minimumkjøp på 50 aksjar (tilsvarende eigarandel på 0,76%).

I samband med dette vert det retta førespurnad til eit utval av bedrifter og offentlege aktørar i Sogn og Fjordane, som kan ha interesse av å medverke til auka verdiskaping i fylket.

I henhold til aksjelova §4-19 har eksisterande aksjonærar forkjøpsrett på aksjene.

Vedlagt ligg førespurnad om evt. bruk av slik forkjøpsrett.

Med venleg helsing

KJETIL KVÅLE

Dagleg leiar

95 20 65 74

Kunnskapsparken

kpsf.no



